



Skjåk kommune

«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Vår ref
2017/6/15/033

Dykkar ref:
«REF»

Saksbehandlar
Andrea Brennhaug

Dato
13.10.2017

andrea.brennhaug@skjaak.kommune.no

Referat frå møte i Brukarrådet den 13. oktober 2017

Forfall: Reidun Aaboen
Eva Therese Hyrve møtte ikkje.

Møtestad: Bispen
Møtetid: 09:00 – 11:00
Sekretær: Andrea Brennhaug

Sakliste:
Sak nr. 21/17: Godkjenning av innkalling og sakliste. Godkjenning av referat.
Sak nr. 22/17: Overføring av borgaleg vigsel til kommunen frå 1. januar 2018.
Sak nr. 23/17: HFF bustader.
Sak nr. 24/17: 5. dagars skuleveke for 1. og 2. klasse.

Sak nr. 21/17
Ingen hadde merknad til innkalling/sakliste og referat.

Sak nr. 22/17
Brukarrådet ser det som naturleg at dei skal uttale seg om dei lokala som er nemnt.

Ordførarkontoret er ikkje eigna til vigsel av menneske med nedsett funksjonsevne da det er for lite plass til for eksempel ein rullestol. Kommunestyresalen har god plass og skulle derfor vera godt eigna til formålet.

Brukarrådet vil og presisere at dei tykkjer at den som utfører vigselen skal vera personleg eigna og at han/ho har eit ynskje om å gjera det – ikkje ei oppgåve som blir påtvinga.

Postadresse
Moavegen 30
2690 Skjåk

Heimeside
www.skjaak.kommune.no
E-post
post@skjaak.kommune.no

Telefon
61217000

Bank
2085.07.40004
Org.nr
961381096



Sak nr. 23/17

Monica Wegner orienterte om status for HFF bustader.

Sak nr. 24/17

Monica Wegner hadde eit ynskje om å ta opp saka om 5. dagars skuleveke for 1. og 2. klasse. Brukarrådet fekk utdelt skrivet som Kultur og oppvekst har sendt til FAU ved skulane. Dei snakka att og fram om saka, men tykkte det var veldig vanskeleg å koma med uttale utan meir kunnskap om konsekvensar og liknande.

Brukarrådet ynskjer meir informasjon om saka, og stiller seg undrande til at dei ikkje har fått saka til uttale.

Brukarrådet vil oppfordre Kultur- og oppvekst til å utsettja saka.

Referat frå dette møtet vil bli sendt til Kultur- og oppvekst v/Unnvald Bakke.